

Til medlemmene i Universitetets utdanningsutvalg

Forslag til dagsorden møte i Utdanningsutvalget – Møte 8 2021

Tidspunkt: 16. desember kl. 09:00-12:00

Møtested: Kollegierommet, Muséplass 1

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll fra UU-møte 29.oktober (merknadsfrist 29.11.2021) **og fra UUs ekstraordinære møte 18.november** (merknadsfrist 15.12.2021)

III Diverse tilbakemeldinger fra utvalgsleder

Cirka 15 minutter

- Beredskapssituasjonen
- Status nettside om emner ved hvert fakultet som er åpne for alle studenter ved UiB
- Saker til eventuelt

<i>Estimert tid</i>		
5	Sak 62/21 Vedtakssak	Utdanningsutvalgets møteplan 2022
15	Sak 63/21 Vedtakssak	Gjennomgang av grads- og studieforskriften - Oppnevning av arbeidsgruppe ifb ny UH-lov
20	Sak 64/21 Drøftingssak	Ordningen med to sensorer - Behov for sentrale retningslinjer
20	Sak 65/21 Orientering og drøftingssak	Arqus-alliansen – veien videre (utsatt fra møte 7)
15		Pause
20	Sak 66/21 Orientering- og drøftingssak	Status på arbeidet med etter- og videreutdanning ved UiB
20	Sak 67/21 Drøftingssak	Enhetlig behandling av fuskesaker
20	Sak 68/21 Orientering- og drøftingssak	Ansettelse av studenter - arbeid med felles praksis og innspill til regelverk
10		Eventuelt

Kommende saker

Post-korona erfaringer og læringspunkt fra digitale verktøy i undervisning, samt retningslinjer for bruk av opptak og kamera i undervisning - Læringslab (februar)

Diskusjon og vedtak om diverse utlysninger og priser inkl Ugleprisen og Olsens legat (februar)

Åpning av lektorsenteret (februar)

Status SFU-søknader (februar)

Gjennomgang av UiB sine retningslinjer og komiteveiledning når det gjelder ansettelse og opprykk i vitenskapelige stillinger. (sak for møte i februar, saksforberedelser må begynne i god tid før)

Koordinering, studentoppfølging, masterveiledning, mm, hos tverrfaglige og tverrfakultære emner og studieprogram (februar)

NOKUT-tilsyn – løypemelding og videre milepæler og forberedelser (april)

EvaluationKit – nytt verktøy for studieevaluering ref. Ingjald (april)

Oppretting av Studiekvalitetskomite (april)

Planer for opptak (april)

Ressursgruppe for utdanningspolitikk, drøftingssak. Katrine saksbehandler (mai)

Hvordan kan vi mest mulig flytte ressurser og innsats fra sensurering til mer hensiktsmessige evalueringsformer som bedre fremmer læring (Tema for UU-seminar i juni?)

Hvordan påvirker overbooking av studieplasser studiekvalitet, læringsmiljø, forskningstid, eksterntfinansiert prosjekttilgang, instituttøkonomi? Hvordan ønsker UiB å profilere seg og hva slags signaler gir vi med dagens praksis? (Tema for UU-seminar i juni?)

Hvordan jobbe for å fylle våre masterstudieplasser? (Tema for UU-seminar i juni?)

Ex-phil

Forsinkelser i klagesensur

Årshjulsaker i Utdanningsutvalget i 2021:

Februar: Interne insentivmidler og Uglepris

Mars: Oppretting av Studiekvalitetskomite

Mars: Forsinket sensur

Mars: Årsrapport fra Studentombudet

Mai: Melding om internasjonalisering

April/ Mai: Orientering om planer for opptaket

Juni: UU-seminar

September: Opptak

September: Gjennomgang av studentrekrutteringen

September: Studiestartuken

September: Presentasjon av Studentparlamentets program

September: Årsmelding fra Læringsmiljøutvalget

September: Endringer i grad- og studieforskriften

Oktober: Utdanningsutvalgets møteplan 2022

Oktober: Studiekvalitetsmeldingen

Oktober: Studiestartuken

Oktober: Opptakssrammer

Oktober: Studieportefølje

November: Desember: Oppfølging av Handlingsplan for kvalitet i utdanning

November: Planer for studiestartuken 2022

Desember: Internt studiekvalitetsseminar (vi planlegger dette i januar 2022 i stedet)

UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetets Utdanningsutvalg

Ephorte: 2021/16575

Sak 62/21 Utdanningsutvalgets møteplan 2022

Vedtakssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen

Møte: 16. desember 2021

Bakgrunn

Vedtak i sak 53/21 ble utsatt ved utvalgets møte nr.7 på grunn av møtekrasj ved to fakulteter.

Møtedatoer for Utdanningsutvalget vedtas ett år i forveien. Møtetid er vanligvis kl. 09:00 – 12:00 i Kollegierommet, Muséplass 1.

Forslag til UUs møtedatoer 2022

<i>Studiekvalitetsseminar onsdag 26.januar kl. 10:00 – 15:00</i>
Torsdag 10.februar NB! Kl.13:00 – 16:00
Torsdag 7.april NB! Endret dato (fra 24.mars)
Torsdag 12.mai NB! Kl.13:00 – 16:00
Torsdag og fredag 9-10. juni (Ev.kombinert seminar)
Torsdag 18.august
Torsdag 22.september
Torsdag 20.oktober NB! Kl.13:00 – 16:00
Fredag 9.desember (Ev. kombinert seminar)

- UU-seminar juni fra lunsj en dag og ut neste dag, vanligvis på Solstrand.
- UU-seminar desember halv dag kl.09:00-13:00 inkl. Lunsj

Utdanningsutvalgets møter avholdes normalt på torsdagsformiddag i Kollegierommet, Muséplass 1. Ovenforstående forslag har tatt hensyn til at saker som skal videre til UiBs styre, kan meldes inn senest tre uker og tre dager før UiBs styremøte.

Universitetsstyret har følgende møteplan for 2022:

2.februar; 10.mars; 5.mai; 16.juni; 15.september; 26-27.oktober og, 24.november

Det er også tatt hensyn til at UUs møter ikke kolliderer med møter i Forskningsutvalget. FU planlegger sine møter onsdager som følger: 26. januar; 23. februar; 23. mars; 11. mai; 22. juni; 31. august; 5. oktober; 9. november, og 7. desember.

Forslag til vedtak:

Utdanningsutvalget vedtar forslag til møtedatoer for 2022.

UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetets Utdanningsutvalg

Ephorte: 21/

Sak 63/21 Gjennomgang av grads- og studieforskriften

Vedtakssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen

Møte: 16. desember 2021

Bakgrunn

Våren 2021 vedtok Stortinget ei rekke endringar i universitets- og høgskulelova som har innverknad på studiefeltet.¹

Noverande grads- og studieforskrift vart vedtatt i 2012, og har blitt endra kvart år sidan 2015 med unntak av 2018. Forskrifta må endrast på ny, mellom anna grunna nye krav til vurderinga i høgare utdanning (sjå sak 64/21). Slike stykkevise endringar vil stundom vere naudsynte, men ein risikerer at gjennomgripande endringar ikkje blir reflekterte på ein god måte.

I tillegg til jussen, så har røynda endra seg sidan 2012. Undervising, eksamen, og vurdering har blitt digitaliserte, og UiB har vore gjennom omorganiseringar som ikkje er plukka opp i dei årlege endringane.

Det er derfor på tide med ein heilskapleg revisjon av grads- og studieforskrifta, og Utdanningsutvalet blir bedd om å setje ned ei arbeidsgruppe for dette arbeidet.

Det blir føreslått fylgjande mandat og samansetjing av arbeidsgruppa:

Mandat

Arbeidsgruppa skal **gjere** framlegg om heilskapleg revisjon av grads- og studieforskrifta, som:

- Tar høgde for endringar i lovverk, praksisar ved fakulteta og organisering av UiB.
- Sikrar likehandsaming av studentane.
- Forenkler regelverket slik at det blir lettare å forstå og bruke.
- Gjer det mogleg for fagmiljøa å innføre fagleg funderte ordningar og nyvinningar i undervising og vurdering.

Samansetjing

Det blir føreslått at arbeidsgruppa har fylgjande samansetjing, og at deltakarane blir sett saman av medlemmer frå ulike fakultet:

- Halvard Haukeland Fredriksen, visedekan for utdanning på juridisk fakultet (leiar)
- Ein visedekan frå eit anna fakultet
- Ein studiesjef
- Ein instituttleiar
- Ein vitskapleg tilsett
- Ein student

Forslag til medlemmer bes meldt under møtet. Prorektor utnemner dei medlemene som ikkje er namngjevne, på bakgrunn av forslaga.

Studieavdelinga og universitetsdirektøren sitt kontor vil vere sekretariat for gruppa.

¹ Sjå, generelt, Prop. 111 L (2020-2021).

Forslag til vedtak:

Utdanningsutvalet set ned ei arbeidsgruppe med mandat og samansetjing som skildra ovanfor, med eventuelle endringar som kjem fram under møtet. Arbeidsgruppa skal presentere framlegg om ny grads- og studieforskrift for UiB til møte i Utdanningsutvalet i April 2022, med sikte på vedtaking av Universitetsstyret i møtet juni 2022.

Vedlegg: Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen (Grads- og studieforskrifta).

Sak 64/21 Ordningen med to sensorer
Drøftings sak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen

Møte: 16. desember 2021

Bakgrunn

Gjennom lovendring i 2002 valde Stortinget å gå bort fra prinsippet om minimum to sensorar ved all vurdering, der minst éin skal vere ekstern.² Det vart samstundes oppretta ei ordning med kvalitetssikring gjennom ekstern evaluering av den enkelte vurdering, eller av vurderingsordninga i heilskap.

Regjeringa sette i 2018 ned Aune-utvalet med mandat om å, mellom anna, gjere framlegg om ny lov for universitet og høgskular. Utvalet hadde ei rekke framlegg som var meint å auke studentane sin rettstryggleik, mellom anna ei tilråding om å gjeninnføre kravet til vurdering som gjaldt før endringa i 2002.³

Etter høringsrunden vart ei rekke av forslaga til Aune-utvalet modifiserte. Endringa i kravet om vurdering vart vedtatt av Stortinget i mai 2021. Når denne endringa i universitets- og høgskulelova trer i kraft, i august 2022, vil det vere krav om minst to sensorar for all vurdering som inngår på vitnemålet, eller er del av karaktergrunnlaget på eit studium, dersom ein nyttar gradert karakterskala (A til F). Ny § 3-9 skal lyde:

«Styret oppnevner sensor ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering når resultatet inngår på vitnemålet eller innregnes i karakter for vedkommende studium. Det skal være minst to sensorer, hvorav minst én ekstern, ved bedømmelse av kandidatenes selvstendige arbeid i høyere grad. **Det skal være minst to sensorer ved alle vurderinger der det brukes gradert karakterskala A til F. Minst én av sensorene skal være uten tilknytning til den delen av utdanningen der vedkommende skal være sensor.** Det skal utarbeides skriftlig sensorveiledning til alle eksamener.»⁴

Bakgrunnen for denne saka er at det herskar ei viss tvil om kva dette kravet inneber, og eit ønske om likehandsaming av studentane ved UiB.

Grads- og Studieforskrifta krev i dag to sensorar for vurdering av masteroppgåve, i klagesensur, og for munnlege eksamenar.⁵ Det er krav om ein ekstern sensor i vurderinga av klager, og i vurderinga av masteroppgåver. Det skal normalt vere ein ekstern sensor ved munnleg eksamen, men fakulteta kan gjere unntak på nærmare vilkår.

Lovendringa endrar ikkje krava til vurdering av masteravhandling og tilsvarande, og kravet om minst éin ekstern sensor blir vidareført. Likeins står kravet til klagesensur, formelle feil mv. uendra, og også her er det krav om éin ekstern sensor.⁶

² Sjø Ot.prp. nr. 40 (2001-2002) s. 51 flg.

³ Sjø NOU 2020:3 s. 203-204.

⁴ Sjø § 3-9 (2) i [Lov om endringer i universitets- og høyskoleloven, utdanningsstøtteloven, fagskoleloven og yrkeskvalifikasjonsloven mv. \(formål og oppgaver for universiteter og høyskoler, studentrettigheter, fagskole.. - Lovdata](#)

⁵ Det kjem fram i Grads- og studieforskrifta § 7-3-2 (1) til (3).

⁶ Uhl. § 3-9 (5), jf. § 5-2 og 5-3.

Arbeid som blir vurderte som bestått/ikkje bestått er ikkje omfatta av det nye lovkravet om to sensorar, og departementet spekulerer i om endringa vil føre til auke i bruken av denne vurderingsforma.⁷

Overgangen frå ein til to sensorar vil truleg vere svært dyrt. Det er ikkje vedtatt særskild finansiering og UiB må sjølv gjere prioriteringar for å dekke kostnadene.

Føremål og utgangspunkt ved tolking

Denne saka blir lagt fram til drøfting, og som eit første steg mot ei sentral retningslinje for å implementere det nye kravet til vurdering. Drøftinga vil også vere relevant for ein generell revisjon av grads- og studieforskrifta, sjå sak 63/21. Forskrifta tar ikkje høgde for lovendringa (sjå § 7-3-2).

Føremålet med kravet om sensor utan tilknytning *osb.* er det same som for kravet om ekstern sensor: Ein skal trygge rettstryggleiken til kandidatane og tilliten til vurderinga ved å sikre at minst éin sensor er uavhengig andsynes den aktuelle utdanninga og kandidatane som skal vurderast.

Teknikken som skal sikre uavhengigheita til sensoren er derimot annleis. For ekstern sensor er uavhengigheita knytt til formell tilknytning til UiB, medan det nye kravet opnar for ei meir samansett vurdering.

Særleg er det spørsmål om kva som ligger i «den delen» av utdanninga – og om dette er til hinder for at tilsette ved det aktuelle fakultetet eller instituttet er sensor utan tilknytning.

Særleg to moment er eigna som utgangspunkt for denne vurderinga. Det eine er at Departementet eksplisitt legg til grunn at også interne kan vere sensor utan tilknytning *osb.*⁸ Sidan sensoren kan vere tilsett på UiB utan å ha for nær tilknytning, må ein vurdere kven som har den naudsynte bakgrunnen til å vurdere kandidatane.

Dette fører inn i det andre momentet, nemleg at universitets- og høgskulelova krev at vurderinga skal vere «faglig betryggende».⁹ Sensoren må ha ein relevant fagleg bakgrunn for å kunne utføre sensuren på ein slik måte, og desse personane vil ein typisk finne på same fakultet/institutt som gjennomfører vurderinga.

Dersom kravet om utan tilknytning *osb.* skal ha eit anna innhald enn kravet om ekstern sensor, kan ein derfor ikkje berre sjå til denne forma for organisatorisk tilhøyrse.

Signala frå andre studiestader er at det primært er dei som deltatt i undervisinga eller har ei anna rolle i gjennomføringa av emnet, det same semesteret, som ikkje kan vere sensor utan tilknytning. At desse personane ikkje er utan tilknytning har også støtte i førearbeida.¹⁰

⁷ Prop. 111 L (2020-2021) s. 48.

⁸ Prop. 111 L (2020-21), s. 176.

⁹ § 3-9 (1) første setning.

¹⁰ Prop. 111 L (2020-21) s. 176 (kravet vert knytt til «dette eksamenskullet» og dei som har vore lærarar i «det aktuelle emnet»)

Tilråding for tolkinga

Kravet om ein sensor *utan tilknyting* bør tolkast slik at personar frå det aktuelle fagmiljøet i utgangspunktet kan vere sensorar sjølv som UiB-tilsett. Det krevst ei nærare form for binding før ein person blir ekskludert. Desse personane kan ikkje vere sensor *utan tilknyting*:

- Emneansvarlege
- Lærarar / undervisarar i emnet
- Andre som har hatt sentrale roller i emnet.

Ei slik rolle, tidlegare semester, er ikkje til hinder for å vere sensor *utan tilknyting*. Ein som har vore sensor same semester, er heller ikkje ekskludert (til dømes ved kontinuasjonseksamen).

Fakulteta skal ta sikte på at sensoren *utan tilknyting* har ei mest mogleg uavhengig rolle til studentane, særleg på studieprogram med få studentar.

Spørsmål til drøfting

- Kan ein undervisar likevel vere «uten tilknytning»?
- Kan særleg nær tilknytning eitt semester føre til at vedkomande ikkje er utan tilknytning dei neste semestera?
- Kan ein person som deltek utarbeiding av eksamensoppgåve vere sensor utan tilknytning?
- Har storleiken på emnet innverknad på vurderinga? Medisin-studiet er, til dømes, i stor grad bygd opp av emner på rundt 30 sp med mange undervisarar.
- I kva utstrekning kan masterstudentar og phd-kandidatar vere sensorar, og i kva omstende vil dei vere *utan tilknytning*?
- Enkelte vurderingsformer reiser eigne problemstillinger. Det faglege skjønnet ved multiple choice-eksamen skjer i hovudsak i forkant av eksamen. Krev slike eksamensformer eigne/andre tiltak?
- Må kvar besvarelse i ein vurdering rettast av to sensorer?

Vedlegg

1. NTNU, «Retningslinjer - krav om minst to sensorer ved bruk av gradert karakterskala A til F»

Retningslinjer - krav om minst to sensorer ved bruk av gradert karakterskala A til F

Vedtatt av prorektor for utdanning den dd.mm.åååå (rektorvedtak, sak 21/55450)

Retningslinjene gjelder fra 01.08.2022

Retningslinjer for hva som forstås med kravet i universitets- og høyskoleloven § 3-9 (2) om at «Det skal være minst to sensorer ved alle vurderinger der det brukes gradert karakterskala A til F. Minst én av sensorene skal være uten tilknytning til den delen av utdanningen der vedkommende skal være sensor.»

Vi bruker *sensor nummer to* om den av sensorene som skal tilfredsstillere kravet om «uten tilknytning».

Følgende legges til grunn ved NTNU:

1. Formål

Formålet med lovens krav er å gi en mest mulig riktig karakterfastsettelse ved å sikre at minst én av sensorene har en uavhengig rolle både overfor det emnet hvor sensur skal skje og de studentene vedkommende skal være sensor for.

Formålet er sentralt dersom det er tvil om sensor nummer to fyller lovens krav.

2. Avgrensninger

Med «utdanningen» forstås studieprogrammet.

Med «den delen av utdanningen» vedkommende sensor skal være uten tilknytning til forstås det aktuelle emnet hvor sensur skal skje, i det aktuelle semesteret.

Følgende oppfyller ikke kravet om uavhengighet og kan dermed ikke være sensor nummer to:

1. Emneansvarlig

2. Faglærer i emnet
3. Andre som har undervist (herunder veiledet) i emnet, inklusive timelærer eller gjesteforeleser
4. Andre som har hatt en rolle i gjennomføringen av emnet.

Punkt 4 omfatter ikke den som kun har gitt tilbakemelding på utforming av eksamensoppgaven og/eller sensorveiledningen.

Dersom sensor nummer to kun har vært sensor i emnet det aktuelle semesteret, har ikke vedkommende hatt en rolle i gjennomføringen av emnet.

Den som underviser i samme emne (også om emnekoden av tekniske årsaker er ulik), kan ikke være sensor. Dette gjelder også der samme emne undervises på ulike campuser.

Sensor nummer to skal ha en uavhengig rolle overfor emnet og studentene vedkommende skal være sensor for. I enkelte tilfeller kan det medføre at også personer utenfor ovennevnte krets ikke kan være sensor nummer to.

Dersom sensuren ikke er anonym, skal instituttet undersøke om den som tenkes brukt som sensor nummer to har en relasjon til oppmeldte studenter i emnet som kan føre til at vedkommende ikke er tilstrekkelig uavhengig, f.eks. hvis han/hun er faglærer i et annet emne med de samme studentene.

Sak 65/21 Arqus-alliansen
Orientering- og drøftingssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen

Møte: 16. desember 2021

Bakgrunn

Gjennom Arqus-alliansen samarbeider UiB med universitetene i Granada, Graz, Leipzig, Lyon, Padova og Vilnius. Dette er en del av et europeisk initiativ (Europeiske universiteter), opprinnelig lansert av Emmanuel Macron, og som er et sentralt virkemiddel i EUs rammeprogram for utdanning, Erasmus+. Formålet er å styrke høyere utdanningsinstitusjoner i Europa, gjennom tettere og mer integrert samarbeid. Alliansene ses på som «test beds» for fremtidens høyere utdanningsinstitusjoner, og det er en langsiktig satsing. Viktige prioriteringer for initiativet er innovative lærings- og undervisningsformer, nye modeller for utdanning, formidling og internasjonalisering, sterkere koblinger mellom forskning, innovasjon og utdanning, og å bidra til politikktutvikling og rammebetingelser.

Arqus ble finansiert gjennom den første pilotutlysningen i 2018, og har senere også fått finansiering gjennom Horisont 2020. Videre har UiB fått 1 million kroner fra Forskningsrådet for å bidra til spredning av erfaringer fra Arqus, når det gjelder sterkere koblinger mellom utdanning, forskning og innovasjon, samt å dele resultater fra arbeidspakken UiB leder i Horisont 2020-prosjektet, knyttet til folkeforskning. Det er totalt 41 slike allianser i Europa, og UiO, NTNU, UiS, UiA og NHH deltar også i dette tiltaket.

Arbeidet i alliansen

Arqus har en omfattende struktur som inkluderer faglig og administrativ ledelse, studentrepresentanter, og svært mange både administrative og vitenskapelige deltagere fra UiB. Alliansen har seks innsatsområder knyttet til inkludering, utdanningskvalitet, språk og kultur, innovasjon og entreprenørskap, forskningsstøtte og innsatsområdet engasjerte europeiske medborgere som ledes av UiB. Under disse innsatsområdene er det en rekke ulike aktiviteter og mer enn seksti medarbeidere på UiB er direkte involvert i dette arbeidet.

Deling av god praksis og utviklingen av et felles rammeverk har stått sentralt i den innledende perioden av alliansen. Det har også blitt utviklet en del ordninger for ansatte og studenter inkludert:

- Kurs, seminarer og konferanser for studenter, forskere, PhD-kandidater og administrativt ansatte.
- En åpen mobilitetsavtale for studenter.
- Mobilitet for forskere og PhD-kandidater.
- Virtuell utveksling.
- Korte twinning-opphold for studenter sammen med forskere.
- Veilederordninger for PhD-kandidater på tvers av universitetene.
- Gratis tandem språkopplæring på alle Arqus-språk.
- Et nytt utfordringsbasert tverrdisiplinært emne, Arqus 220, der studentene samarbeider på tvers av institusjoner.

Tiltaket Europeiske universiteter er et politisk initiativ og alliansene bidrar også til å påvirke europeisk politikk, inkludert rammeprogrammene. Dette innebærer også en rekke politiske føringer, deriblant

geografisk balanse. Det er nå en forventning om å utvide alliansene med to nye partnere for å få full finansiering, og for Arqus som ikke har en partner fra alle regioner er det en forventning om at minst en av disse partnerne vil være fra øst i Europa.

Veien videre for alliansen

I den innledende fasen har det vært en sterk administrativ tyngde i arbeidet i alliansen. Det arbeides nå med å legge til rette for en tydeligere faglig innretning, som er tettere på studenter og forskere. For å legge til rette for dette er det ønskelig med en mer tematisk innretning. Det er et mål identifisere 3-4 tematiske områder der man kan fokusere samarbeidet i de neste 4+2 årene, som er rammen for den neste store utlysningen. Det er ikke besluttet hvilke områder som er aktuelle, men partnere har nevnt europeisk kulturarv, klima og biomangfold, og AI og digital transformasjon som noen aktuelle områder i den videre satsingen. Videre er erfaringen fra første pilotperiode at det i særlig grad er yngre forskere som har utbytte av deltagelse i dette arbeidet, da de i mindre grad har etablerte internasjonale nettverk.

Arqus vil også videreføre åpne ordninger knyttet til blant annet mobilitet, da disse har hatt stor etterspørsel. I tillegg vil man fortsette å legge til rette for faglig samarbeid og søkning av eksterntfinansiert forskning og utdanning, både gjennom nasjonale og internasjonale utlysning. Med utgangspunkt i Arqus har det vært ulike «spin-offs» både når det gjelder forsknings- og utdanningsprosjekt, og alliansen kan også være en viktig kanal for spredning og deling av resultat, og dermed styrke andre prosjekters «impact».

Den kommende utlysningen er innenfor Erasmus+, noe som innebærer direkte forskningsaktivitet ikke er relevant, med unntak av pedagogikk/didaktikk. Midlene kan finansiere emne, læreplan og kursutvikling, nettverksbygging, livslang læring både for vitenskapelige og administrativt ansatte, og eksterne, formidling, systemer, entreprenørskap og strukturer osv.

Spørsmål for diskusjon

Hva er viktig for UiB i den videre utviklingen av Arqus og hvordan kan Arqus være en ressurs for UiB?

Hvordan identifisere og rekruttere vitenskapelige til utviklingen og implementeringen av en ny søknad?

**Sak 66/21 Status på arbeidet med etter- og videreutdanning
ved UiB**

Orientering- og drøftingssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen


Møte: 16. desember 2021

I universitetsstyresak 115/20 vart handlingsplan for livslang læring 2021-25 vedteke og styret fekk ein orientering om re-organiseringa av UiB Videre. UiB Videre skal i lys av vedtaka vere ein aktiv aktør i arbeidet med etter og vidareutdanning og har sidan då arbeidd aktivt med fagmiljøa for å auke aktivitet og hente ekstern finansiering.

Vi ynskjer difor å gje utdanningsutvalet ein status på arbeidet, slik det no ser ut.

UiB Videre er lokalisert ved Media City Bergen og arbeider etter prinsippa som universitetsstyresaka ovanfor legg til grunn. Kompetansen er knytt til prosjektleiing, læringsdesign, medieproduksjon og kommunikasjon og marknadsføring. Figuren nedanfor viser dette i skjematisk form

I 2020 vart EVU-opptaket overført til den sentrale opptakseininga ved SA, og er i slutfasen med ei eiga forskrift for EVU-opptak. Ei slik forskrift vil kunne effektivisere arbeidet ytterlegare i arbeidet med desse opptaka, som skil seg kvalitativt frå andre typar opptak. I tillegg har UiB Videre tett dialog med Kommunikasjonsavdelinga, ØKA og andre sentraladministrative einingar, i tillegg til det enkelte fakultet og institutt.



Figur 1: Kompetanseprofil UiB Videre


Tal og fakta på EVU feltet

Det er fleire måtar å «måle» EVU-aktivitet på. Dette kan gjerast ved å sjå nærare på utviklinga i talet på vidareutdanningsstudentar som vi rapporterer til DBH, talet på aktive emner pr. fakultet, talet på prosjekt i utviklingsfasen og omfanget av eksterne midlar som vert henta inn via søknadsbaserte ordningar.

Figur 2 og 3 viser ei auke i både talet aktive emne og talet på vidareutdanningsstudentar det siste året. Ver merksam på at desse tala er dei som vert rapportert inn til DBH i oktober månad. Mindre kurs, blant anna bransjeprogram via HK-dir. er derfor nødvendigvis ikkje inkludert i desse tala. Frå haustsemesteret 2020 til haustsemesteret 2021 ser vi ein auke på 16% i aktive emne og ein auke på 60% i talet på studentar.



Figur 2, Utvikling i talet på vidareutdanningsemne ved UiB 2020-2021




Figur 3, Utvikling i talet på vidareutdanningsstudentar 2020-2021

Emna fordelt på fakulteta ser slik ut:

	2020		2021	
	Vår	Haust	Vår	Haust
HUM	42	42	42	53
JUR	2	2	2	2
MAT	23	22	27	27
MED	60	55	62	64
PSYFA	23	24	44	48
SV	18	18	18	18
KMD	7	8	9	9
Total	175	171	204	221

Tabell 1, Vidareutdanningsemne pr fakultet

Talet på studentar som følgjer ordinære studieløp som er over 30 år har og vore aukande dei siste åra, særleg frå 2019 til i dag. Denne aldersgruppa har lagt nokolunde stabilt på ca. 14% av det totale talet på studentar ved UiB. Dei siste to åra ser vi ein auke på nærare 4%. Noko av denne auken kan nok tilskrivast pandemien. Det er likevel viktig å fylgje med på denne utviklinga. Dette kan sei noko om korleis ordinære studiar i tillegg passar for allereie sysselsette studentar.



Figur 4, Utviklinga i talet på studentar over 30 på ordinære studiar

Innhenting av eksterne midlar

Våren 2020 lyste Diku (no HK-dir) ut midlar for utvikling og drift av kortare kurs, særleg tilrettelagt for permitterte og arbeidslause. Dette var den fyrste av ei rekkje utlysingar, både frå

Diku og Kompetanse Norge. Over ein tidsperiode på halvtanna år vart det etablert fleire kortare kurs som særleg bransjeorganisasjonane var oppteken av. Desse var særleg retta inn mot bransjeprogramma for olje-, gass- og leverandørindustrien og for maritim sektor. Diku lyste ut midlar med søknadsfrist mars 2021 for utvikling av nye tilbod. Her fekk UiB tilslag på samtlege søknader. Nedanfor viser ei oppsummert oppstilling av denne delen av vidareutdanningsverksemda der eksterne midlar er henta inn.

Prosjekt	Diku	Kompetanse Norge	Studiepoeng	Antall studenter	Institutt	Total tildeling
Resirkulering i akvakultur		X	5	41	Institutt for biovitenskap	620 000
Fleksibel utdanning i kunstig intelligens		X	5		Institutt for informatikk	1 187 434
Programmering		X		887		4 623 489
CCUS		X	3	145	Institutt for fysikk og teknologi	1 679 650
Energjomstilling		X	5	214	Institutt for geovitenskap	1 438 850
Havvind		X	10		Institutt for geovitenskap	680 000
Introduksjon til Data Science med R		X	5	137		1 764 296
FRONESIS	X				Institutt for global helse og samfunnsmedisin	10 000 000
Fleksible utdanningar for journalistar i arbeid	X				Institutt for informasjon og medievitenskap	6 802 509
Fleksibel vidareutdanning i kunstig intelligens	X				Institutt for informatikk	1 187 434
Fleksibel vidareutdanning i digitalisering for helseektoren	X				Institutt for global helse og samfunnsmedisin	5 118 406
Datareisen	X				SLATE	3 563 000
Tverrfaglig erfaringsbasert master for leder i kommunal sektor	X				Det juridiske fakultet	4 086 000
Erfaringsbasert mastergrad i krisepsykologi	X				Senter for krisepsykologi	4 443 422
Fleksibel vidareutdanning i samfunnsplanlegging	X				Institutt for geografi	3 406 730
Totalt						50 601 220

Figur 5, Innvilga søknader via Diku og Kompetanse Norge i tidsrommet vår 2020 til haust 2021

Totalt sidan våren 2020 er det henta inn over 50 millionar til enten utvikling eller drift av fleksible utdanningstilbod. I programma via Kompetanse Norge har det særleg vore det matematiske og naturvitskaplege fakultet som har tilbydd studiar, mens via Diku utlysinga er fire fakultet involvert. Utlysinga frå Diku vektlegg eksterne samarbeidspartnarar som eit suksesskriterium. I dei 7 søknadane som vart innsende kan vi telje heile 44 eksterne samarbeidspartnarar, eller i gjennomsnitt over 6 eksterne samarbeidspartnarar per søknad. Dette viser at UiB har eller evner å mobilisere interesse og ressursar frå omverda, noko som er særst gledenleg.

Utover desse midlane har UiB i 2021 fått ei samla tildeling på nærare 12 mill. i det oppdragsfinansierte programmet Kompetanse for kvalitet.

Den politiske konteksten

Dei politiske initiativa for utdanningspolitikken for høgere utdanning har dei siste to åra vore ekstraordinære. Vi har fått ei rekkje nye stortingsmeldingar, strategiar og europeiske satsingar som på kvar sin måte verkar inn på utdanningsfeltet^[1]. Fokuset på fleksibilitet, relevans og auka aktivitet er fellesnemnarar.

Eigenbetalingsforskrifta

Eigenbetalingsforskrifta regulerer i kor stor grad og i kva høve universitet og høgskular kan ta betalt for etter- og vidareutdanning. Endringar i denne forskrifta var venta, og kom på høyringsrunde våren 2021. UiB svarte på høyringa innan frist 27.juli^[2]. Like før regjeringskiftet

vart ny forskrift behandla og vedtatt. Forslaget til departementet opna for at statlege universitet og høgskular i større grad skal kunne tilby utdanningar mot eigenbetaling, som i særleg grad er retta mot søkjarar med arbeidserfaring. Departementet understreka at forslaget ikkje ville få konsekvensar for ordinære utdanningstilbod, som er gratis. EØS regelverket om offentleg støtte set rammer for kor stor del av kostnadane ved studietilbod som kan finansierast av eigenbetaling. Til no har grensa gått ved 49% eigenbetaling for å kunne få akkreditert den resultatbasert studiepoengfinansiering. Departementet foreslo tre alternative måtar å regulere delen av eigenbetaling på, som alle ligg innanfor EØS-reglementet.

Oppsummert opnar den reviderte eigenbetalingsforskrifta for fylgjande unntak:

- Statlege institusjonar kan krevje eigenbetaling for kurs og frå studentar som fyller opp plassar på studieprogram eller fag/emne som er oppdragsfinansierte
- For studiepoenggjevande utdanningstilbod, som består av eitt eller fleire tema, kan statlege institusjonar krevje eigenbetaling, dersom søkjaren har minst to års arbeidserfaring, og a) den praktiske gjennomføringa av tilbodet særleg er tilpassa for personar i arbeid eller, b) innhaldet i tilbodet er særleg utvikla for personar med arbeidserfaring
- Eigenbetalinga skal dekke enten inntil 25% av kostnadane ved kurset eller utdanningstilbodet, eller alle kostnadane ved kurset eller utdanningstilbodet.

UiB var i høyringsnotatet tydeleg på at dagens finansieringsmodell ikkje legg reelle kostnadsberekningar til grunn når totalkostnaden i EVU programmer skal estimerast. Berekninga tar i staden utgangspunkt i dei ulike komponentane i finansieringssystemet. Institusjonens rapportering av EVU verksamheita til DBH fylgjer dermed desse prinsippa:

1. Studieprogram der det berre gjev utteljing for avlagte 60-studiepoengseiningar, formel:

$$((\text{Basis} + \text{Utteljing studiepoeng}) - \text{Ekstern finansiering}) / (\text{Basis} + \text{Utteljing studiepoeng}) * 100 = \text{Programmets eigenfinansieringsprosent.}$$

2. Studieprogram som gjev utteljing for både avlagte 60-studiepoengseiningar og uteksaminerte kandidatar, formel:

$$((\text{Basis} + \text{Utteljing studiepoeng} + (\text{Utteljing kandidatar} / (\text{Programmets studiepoeng} / 60))) - \text{Ekstern finansiering}) / (\text{Basis} + \text{Utteljing studiepoeng} + (\text{Utteljing kandidatar} / (\text{Programmets studiepoeng} / 60))) * 100 = \text{Programmets eigenfinansieringsprosent}$$

Det er viktig å presisere at finansiering til oppstart og prosjektutvikling ikkje skal reknast med i denne berekninga. Det er berre eksterne midlar til drift av studiet som skal reknast med. I ein totalkostnadsmodell for EVU vil ofte dei reelle kostnadane vere høgare enn det finansieringskategoriane legg til grunn. Korleis den enkelte institusjon tar i bruk

totalkostnadsmodell eller ikkje ser ut til å vere varierende. I forslag til endring av forskrifta er desse problemstillingane lite omtalt. Etter UiBs oppfatning er dette eit viktig prinsipp som burde vore avklart før endringar i forskrifta vart innført: *Skal kostnadene og i framtida fastsetjast basert på finansieringsmodellens finansieringskategoriar, eller skal det leggjast reelle kostnadsmodellar til grunn?*

Alle eksisterande vidareutdanningstilbod ved UiB som har en eigenbetalingsprosent på mellom 26-99% (30 emne) må difor reviderast i lys av ny forskrift. For eksisterande emne må denne endringa skje før 1.1.2023. UiB Videre inviterer til dialogmøter med dei aktuelle institutta i god tid.

Oppfølging av tidlegare vedtak

Utover auka aktivitet signaliserte universitetsstyret i desember 2020 behovet for ein meir ekspansiv kommunikasjonsstrategi for etter- og vidareutdanning.

Tydeleg kommunikasjon av UiB som leverandør av vidareutdanning

I tråd med drøftinga i universitetsstyret gjekk UiB Videre og kommunikasjonsavdelinga våren 2020 i dialog med kommunikasjonsbyrået TRY. Målsetjinga var å utvikle eit kommunikasjonskonsept som kan fungere som verktøy for å profilere vidareutdanningstilbod frå ulike fagmiljø på ein heilskapleg måte, og auke kjennskapen til UiB som vidareutdanningsaktør. I samråd med kommunikasjonsavdelinga var det viktig å utvikle eit konsept som står i forhold til UiB sin overordna kommunikasjonsstrategi og konseptet *Verda treng tankane dine*. Vi har landa på eit konsept som vi heiter **Tidene forandrar seg** som no er i produksjonsfasen og skal synleggjere behovet for livslang læring samtidig som den profilerer UiB på ein solid måte. Vi får produsert ein film som skal vise at livet til kvar einskild, Norge og verden forandrar seg, noko som aukar behovet for ny kunnskap. Visuelle scener frå filmen kan i neste omgang knytast til ulike fagområde og konkrete vidareutdanningstilbod og nyttast i ulike variantar, til dømes i sosiale medier. Filmen vert ferdigstilt primo januar og vert lansert på Lærernes dag 2022 fredag 28.januar.

Nokre av skissene, Tidene forandrar seg:



LIVET FORANDRER SEG
Livet er alltid i forandring. Noen ganger skjer det omveltende ting som setter sitt preg på framtiden.



VERDEN FORANDRER SEG
Demokratiet må vike for det totalitære Taliban-styre. "Demokratibygging"



Klimaforandringar fører til mere nedbør og flom i Norge. "Energimstilling"

UIB

Hvordan kan vi ivareta barn som pårørende når foreldre eller saksen blir alvorlig syke eller dør? Ta nettbasert videreutdanning for helsepersonell og andre som mater barn i krise.



**TA KURSET
BARN SOM PÅRØRENDE**

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

På tide å ta videreutdanningen din hos UIB
Søknadsfrist 1. juni

[Les mer](#)



Utvikling av Lærernes dag

Fagleg-pedagogisk dag har sidan 1992 vore eit ope arrangement ved Universitetet i Bergen retta mot lærarar i grunn- og vidaregåande skule. Arrangementet er universitetet sitt største etterutdanningsarrangement for lærarar, og har historisk sett samla ca. 1 200 deltakarar på campus. Målsetjinga har vore å bidra til fagleg inspirasjon, styrke kontakten mellom skulen og universitetet, i tillegg til å presentere bredda i forskingsbasert kunnskap ved UiB. I tillegg til dette er Lærernes dag ei særskild marknadsaktivitet for å motivere til å ta vidareutdanning ved UiB.

På grunn av Covid 19 kunne vi i 2021 ikkje arrangere fagleg-pedagogisk dag på same måte som tidlegare. I samråd med det førre rektoratet planla ein programkomité (beståande av UiB Videre, lektorutdanninga/Dekomp og kommunikasjonsavdelinga) ein heildigital produksjon i samarbeid med Kulturoperatørene. Sidan dette uansett måtte bli ein annleis gjennomføring, endra vi og namn på arrangementet til *Lærernes dag*. Bakgrunnen for namnebyttet var for det første å forsterke målgruppeorienteringa i arrangementet og synleggjere at dette er ein dag som vert tilbyde frå universitetet til lærarane. Responsen på dette namnebyttet vart tatt godt imot både på skulane og internt ved UiB. Ca 2 300 var registrerte som deltakarar i 2021.

Utdanningsutvalet fekk i mai 2021 ei brei orientering om evalueringa av Lærernes dag 2021 frå både bidragsytarar og deltakarar. I planlegginga av Lærernes dag 2022 vart det hausten 2021 nedsett ei referansegruppe beståande av representantar frå alle fakultet. Dette vart gjort etter drøfting av evalueringa i Utdanningsutvalet. Universitetsbiblioteket og museet vart og inviterte. Vi byggjer neste års arrangement på dei verdifulle tilbakemeldingane som kom etter det digitale arrangementet. Lærernes dag 2022 vert planlagt som eit hybridarrangement som vert gjennomført både som ein digital produksjon og ein fysisk konferanse i Grieghallen. I Grieghallen kan vi ta imot ca. 1 200 deltakarar. Det digitale arrangementet vil bli opna for alle som vil i heile landet, utan at dette vil påverke innhald og profil. I 2021 måtte vi begrense antal bidrag til ca. 40. I år legg vi opp til va 55 bidrag der 25 av dei vil gå «live» frå Grieghallen og

resten som preproduserte innspelningar frå UiB Læringslab, som i fjor. Programkomiteen tar sjølvstøtt høgde for at smittesituasjonen denne gongen kan bety eit heildigitalt arrangement.

Fokus på læringsdesign og bruk av ulike medier

Ei viktig premis for den auka satsinga på etter- og vidareutdanning var fokuset på studentaktive læringsformer og læringsdesign. Læringsdesignaren ved UiB Videre har jobba målretta både med digitale studietilbod, men og samlingsbaserte tilbod. Læringsdesign er ei systematisk tilnærming til didaktikk og pedagogiske verkemidlar for å oppnå målsetjingane i studiet. Ved å stille grunnleggjande spørsmål om den pedagogiske organiseringa av eit studie har vi sett at merksemda har auka på korleis ein legg til rette for læring. UiB Videre vil hevde at å stille spørsmål ved kvifor ein veljer det eine verkemiddelet framfor det andre kan setje i gong avgjerande prosessar i fagmiljøa som fører til betre læring og betre studietilbod.

Videoproduksjon

I eit læringsdesignperspektiv er bruk av video meir om meir nytta som ein integrert del. UiB Videre har 1 videoprodusent som og er tilknytt produksjonsstaben til UiB Læringsdesign. Vår erfaringar er at produksjon av video bør inngå i ein heilskap og bør sjåast i samanheng med vurdering, læringsutbytte og læringsaktivitetar. Video bør plasserast i ein kontekst der ein spør kvifor studentane skal sjå videoen og kva dei skal bruke den til i etterkant. Dette er spørsmål UiB Videre og resten av UiB Læringslab kan rettleie fagmiljøa på - både når det gjeld video sitt potensiale som eit narrativt og visuelt medium og i kva tilfelle video ikkje eignar seg.

Framtidige utfordringar

UiB Videre ser fleire utfordringar i tida som kjem. For det første gjer ikkje statsbudsjettet for 2022 nokon insentiv til auka aktivitet. Når både ABE-kuttet vert oppretthalda samtidig som UiB må ta de uventa kutta for statleg pensjon vil dette påverke fagmiljøas mogelegheit til auka aktivitet. I denne konteksten vert eksterne midlar meir og meir viktig for å løyse dei andre politiske målsetjingane som livslang læring, fleire fleksible studiar og eit generelt betre tilbod av etter- og vidareutdanning.

For det andre gjer endringane i eigenbetalingsforskrifta færre insentiv i å finansiere drift av vidareutdanning. I praksis vil fleire tilbod måtte finansierast med 100% studentbetaling eller auke studenttalet med eksisterande føresetnader. UiB Videre meiner dette vil bety at tilbodet frå UiB i større grad må fylgje marknadskonjunkturar og som vil gå utover dei fagmiljøa ein har ei begrensa kjøpsvilje hjå potensielle vidareutdanningsstudentar.

Denne saka er meint som eit bilete på korleis arbeidet med etter- og vidareutdanning per i dag ser ut. Med dette underlaget og dei framtidige utfordringane ynskjer vi velkommen ein diskusjon i utdanningsutvalet om korleis fagmiljøa ser på både utviklinga og framtidig aktivitet.

^[1] NOU 2020: 3, Ny lov om universiteter og høyskoler; Meld. St. 19 (2020-2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*; Meld. St. 14 (2020-2021). *Perspektivmeldingen 2021*; Meld. St. 14 (2019-2020). *Kompetansereformen. Lære hele livet*; Meld. St. 7 (2020-2021). *Internasjonal mobilitet*; Meld. St. 16 (2020-2021). *Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning*; Egenbetalingsforskriften, *Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning*,

^[2] Høringsuttalelsene ligg i sin heilheit her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-endringer-i-egenbetalingsforskriften/id2842470/?expand=horingsinstanser>

Sak 67/21 Enhetlig behandling av fuskesaker
Drøftingssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg


Fra: Studieavdelingen

Møte: 16. desember 2021

Enhetlig behandling av fuskesaker ved UiB

Saksflyten står sentralt i UiBs retningslinjer for behandling av fuskesaker:

Diagram: Saksflyt i saker om plagiat



Se følgende to tekster for beskrivelser av retningslinjene:

- "ABC ved mistanke om fusk" [ABC ved mistanke om fusk | Ansattsider | UiB](#)
- "Fusk – hva er det og hvilke konsekvenser får det ..." [fusk studenter 2017 nor web 2.pdf \(uib.no\)](#)

Målsetningen bak retningslinjene er at behandling av fuskesaker skjer mest mulig enhetlig på tvers av alle fakultet. Drøftingsspørsmål:

- Tolker fakulteterne retningslinjene likt?
- Hvis det er store forskjeller i tolkninger mellom fakultetene:
- Hva bør handlingsrommet være?
- Har vi behov for presiseringer av retningslinjene?

Vedlegg:

Tall for 2015-2016 fordelt på:

- saker som førte til annullering
- saker som førte til utestengelse
- saker som endte med frifinnelse

**Sak 68/21 Ansettelse av studenter – arbeid med felles
praksis og innspill til regelverk**

Orientering- og drøftings sak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: HR-avdelingen

Møte: 16. desember 2021

Bakgrunn

Det er økt fokus på å ansette studenter til studienære oppgaver (studentmentorer, gruppeledere, læringsassistenter, etc.). I denne sammenheng er det reist spørsmål om typiske «studentstillinger» – særlig deltidsstillinger som er tett knyttet til studentenes studieløp.

UiB vurderer å løfte et innspill til KD om å etablere et supplement til vit.ass.-stillingen for studienære behov, i form av en åremålshjemmel for en «læringsassistent». Parallelt arbeider HR-avdelingen med å sikre en god felles praksis for ansettelse i ulike typer deltidsstillinger. Denne saken gir en orientering om dette arbeidet.

Saksframstilling

1 Midlertidighet og studenter

Utgangspunktet etter både Arbeidsmiljøloven og Statsansatteloven er at arbeidstakere skal ansettes fast, med mindre det er grunnlag for midlertidighet. De samme reglene gjelder uavhengig av om det ansettes på timelønn eller i en prosentstilling (månedslønn). Grunnlag for midlertidighet vil typisk være vikariat, annet avgrenset midlertidig behov – eller at det er hjemmel for ansettelse på åremål.

Utfordringen gjelder primært «studentstillinger» der behovet for stillingen er løpende/gjentakende, men det samtidig også er en ønsket forutsetning at den som fyller stillingen er aktiv student på et bestemt sted i sitt studieløp.

Vitenskapelig assistent – åremål

Universitets- og høyskoleloven gir hjemmel for ansettelse på åremål som vitenskapelig assistent. Stillingen er beskrevet slik i Forskrift om ansettelsesvilkår (...) § 1-4:

- 1. Stilling som vitenskapelig assistent skal gi *mulighet for innsikt i vitenskapelig eller kunstnerisk arbeid og metode. Arbeidsoppgavene skal ligge på et akademisk nivå og skal bestå av vitenskapelig eller kunstnerisk assistanse. I tilknytning til dette kan vedkommende pålegges undervisning, laboratoriearbeid og tilsvarende arbeid. (...)***
- 2. Ansettelse skjer for inntil to år. Samlet ansettelsestid kan ikke overstige to år.**

Dette innebærer at bruken av vit.ass.-stilling har begrensninger både knyttet til oppgaver/innhold og total varighet. En praktisk utfordring med å bruke vit.ass.-stilling for mentorer og gruppeledere er at disse da vil ha brukt opp mye av sin vit.ass.-periode før de senere i studieløpet blir aktuelle for en klassisk vit.ass.-stilling tilknyttet et forskningsprosjekt. Videre er vit.ass. primært tilpasset studentens egen utvikling (bygge erfaring med forskning), mens en rolle som f.eks. mentor har en annen innretning.

2 Innspill til departementet: Behov for ny stilling som læringsassistent

HR-avdelingen forbereder et innspill om å supplere vit.ass.-stillingen med en «læringsassistent» som er tilpasset de mer studienære behovene. Denne typen åremålsansettelse i løpet av studietiden bør ikke

kunne gå til fratrekk i eventuell stipendiatperiode (slik vit.ass. kan, jf. forskriften § 1-3 (5)), og bør heller ikke gi reduksjon i mulig tilsetningsperiode i ordinær forskningsrettet vit.ass.-stilling. En mulig avgrensning av slik stilling kan være:

*Stilling som studentassistent skal gi **mulighet for erfaring med å bygge studiemiljø og tilrettelegge for læring**. Arbeidsoppgavene skal **bestå av å støtte andre studenter i studiesituasjonen, med utgangspunkt i eget faglig nivå og egne erfaringer som student**. I tilknytning til dette kan vedkommende **delta i sosial oppfølging og i informasjonsarbeid**.*

3 Avklaringer internt ved UiB

UiBs personalreglement gjelder for alle ansatte og stillinger ved UiB som omfattes av Statsansatteloven. Reglementets pkt. 8 fastsetter at de vanlige reglene om utlysning, innstilling og ansettelse gjelder for alle ansettelsesforhold som strekker seg ut over seks måneder. Det kan likevel gjøres unntak fra reglene om *innstilling og ansettelse* (forenklet innstilling) ved ansettelsesforhold med kortere arbeidstid enn 15 timer per uke, men stillingene skal utlyses offentlig (meldes til NAV).

HR-avdelingen vil i denne sammenheng påpeke at «studentstillinger» kan deles i to kategorier:

3.1 Ansettelse av studenter i studienære funksjoner:

Forskrift til Statsansatteloven § 2 unntar «forelesere, hjelpelærere, øvingslærere, timelærere og praksisveiledere med mindre enn 37,5 prosent av full stilling» fra Statsansatteloven. HR-avdelingen mener det er grunnlag for å ta dette unntaket i bruk for studienære funksjoner som kommer inn under ordlyden, selv om den i utgangspunktet ikke retter seg mot typiske studentstillinger.

Når arbeidsforholdene er unntatt fra Statsansatteloven, vil de reguleres av Arbeidsmiljøloven. Dette innebærer at det kan gjøres unntak for utlysning ved ansettelse også ut over seks måneder. Dermed kan en f.eks. kunngjøre stillingene bare blant studentene på visse emner, eller peke på enkeltstudenter. Aktuelle funksjoner kan for eksempel være:

- Mentor
- Arbeidsgruppeledere
- Læringsassistenter

Utgangspunktet er fortsatt at det skal ansettes fast.

3.2 Ansettelse i andre funksjoner (deltidsstillinger som kan passe for studenter):

Når det gjelder andre typer deltidsstillinger som kan passe for studenter, må disse håndteres etter Statsansattelovens og personalreglementets regler for utlysning og ansettelse. Dette gjelder for eksempel:

- IT-vakter, museumsvakter og lignende
- Undervisere og kunnskapsverter på UM
- Kveldsvakter/resepsjonsvakter/infosentermedarbeidere

Det er viktig å påpeke at det er stort rom for fleksibilitet innenfor rammen av Statsansattelovens regler. Flere enheter ved UiB har etablert ryddige og effektive prosedyrer basert på utlysning og fast ansettelse i denne typen deltidsstillinger, med gode praktiske tilpasninger til studiehverdagen.

4 Videre oppfølging

HR-avdelingen tar sikte på å sende ut brev til fakulteter og enheter med felles avklaringer knyttet til de to gruppene «studentstillinger», og forslag til praktiske rutiner rundt disse arbeidsforholdene.

Arbeidet skjer i dialog med HR-funksjonene ved fakultetene.

Tema for drøfting

Saken legges frem for Utdanningsutvalget til orientering, og som grunnlag for innspill til videre arbeid.

Mulige tema for drøfting:

- Er det behov for en «læringsassistent»?
 - Andre behov som bør fanges opp
 - Andre praktiske avklaringer som bør gjøres knyttet til typiske studentstillinger
- 7.12.21/HR-avdelingen/EOS